



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger Kyrkjelege fellesråd

Marcus Thranes gate 3
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Høyanger 20.06.25

Protokoll møte 3-25, Høyanger kyrkjelege fellesråd

Tysdag 17.06.25 kl.10.00 på Høyanger kyrkjekontor / digital deltaking.

Innkalla:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Torsten Müller, Toril Lange, Bjørn Harald Nybø, Terje Søreide og Kjersti J. Søreide, Frode Merkesvik, Andreas Ester,

Kopi av innkallinga går til:

Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygard, Elisabeth Johansen, Eldrun Nordahl, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Camilla M. Ådland, Leif Arne Fureli. Knut Magne Nesse. Inger Cesilie Fitje, postmottak Høyanger kommune.

Frammøte:

Sturla Bell Fossen, Kari Henny Dale, Vidar Myren, Torsten Müller, Andreas Ester, og Toril Lange. Terje Søreide deltok på Teams

Meldt forfall: *Kjersti J. Søreide – vara varsla, men melde forfall.*

Forfall: *Frode Merkesvik og Bjørn Harald Nybø*

Sakliste:

Opning av møtet:

- **Godkjenning av innkalling, sakliste og møteprotokollen frå 13.03.25**
 - Innkalling, sakliste og protokollen vart godkjent.
- **Soknepresten har ordet**
 - Søndag var det Treeiningssøndag. Og det vert i år feira 1700-årsjubileum for den Nikenske truvedkjenninga. Denne understrekar ekstra budskapen om treeiningslæra. Gud er ein, men samtidig 3: Gud fader, sonen og den heilage Ande. I tider som er krevjande treng ein den heilage ande som gir energi og inspirasjon.

Meldingssaker:

08 Kyrkjeverja har ordet.

Situasjonen ved kontoret er krevjande. Sekretæren har frå før påske vore langtidssjukemeldt. For kyrkjeverja er det flott å kunne melde at tidlegare sekretær Ali Kharrat – som jobbar for kommunen i same kontormiljø som kyrkjekontoret, vil og kan hjelpe oss i sommar. Det er og planar for vidare timevikarordning for hausten.

Arbeidet i Ortnevik fram mot jubileet går sin gang. Men oppussinga av søylene inne i kyrkja er meir omfattande enn tenkt og vil måtte ta meir tid. Det kan vere aktuelt å søke støtte hos kyrkjebevaringsfondet.

Det er utført mykje arbeid på dugnad. I tillegg til dei årlege vårryddingane har dei på Kyrkjebø fått ordna smijarnsporten mot vegen og sett den opp. I Høyanger vart tårnet på kyrkja vaska, og eføyen som over tid øydelegg murpussen, vart fjerna. Dette blir lagt merke til og kyrkjevevja har fått positive kommentarar. I tillegg er vasspostane på Sæbø og Tunga gravplass måla og stelt. Dugnadsinnsatsen er svært verdifull for oss.

Stellavtalar og oppfølging av stell har vor utfordrande i vår. I samband med ny sekretær vart utsending av fornying av betalinga for stell forsinka. Det gjorde at ein måtte sette i gang stella før ein har fått betaling. Det har og vore praktiske utfordringar med å få utført jobben, mellom anna den lange tørkeperioden i mai. I tillegg har teknikken svikta oss, slik at dokumentasjonen ikkje fungerer. Summen av desse vanskane har tatt mykje tid og laga ein del frustrasjon.

Dette med stell må vi vurdere. Skal vi tilby stell? Skal vi undersøke om vi finn andre som kan utføre stella? Kan dei i så fall ta heile ansvaret slik at vi berre formidlar kontakt? Dersom vi fortset med stellavtalane så kom det inn eit godt tips om at ein kunne markere desse gravene og be sokneråd og andre som likevel var på gravplassane om hjelp til vatning og tilsyn.

Vedtakssaker:

- 008/25: Samarbeidsstilling for kyrkjeleg undervisning og læring (trusopplæring)**
Etter ei kort drøfting der det vart understreka at ein i utlysinga av denne stillinga måtte vere klar på kva utfordringa her ligg i reiseavstandar og samarbeid på ulike stadar, vart det gjort følgande samrøysta vedtak:

Vedtak:

1. Høyanger fellesråd forpliktar seg på ei 3-årig samarbeidsstilling for kyrkjeleg undervisning og læring saman med fellesråda Hyllestad, Fjaler og Askvoll.
2. Høyanger kyrkjelege fellesråd forpliktar seg på ein finansieringsdel på inntil 35% av prosjektkostnaden etter frådrag av bispedømmet sitt tilskot på kr 150.000,- årleg.
3. Høyanger kyrkjelege fellesråd kan ta på seg rolla som vertsfellesråd i samarbeidsområdet, om dette vert aktuelt.
4. Kyrkjevevja har fullmakt til å ta avgjerder på sokneråda sine vegner når det gjeld endeleg utforming av prosjektplan, stillingsbeskrivelse og utlysingstekst.
5. Tilsetting skjer etter gjeldande reglement i vedkommande fellesråd som vert vertsfellesråd for samarbeidsområdet.

- 009/25: Budsjett -revisjon**

Vedtak:

Revidert budsjett for 2025 vert godkjent slik det ligg føre.

- 010/25 Vadheim bedehuskapell – bruk etter 1.sundag i advent 2025?**

I denne saka om ny gudstenesteforordning har ikkje fellesrådet mynde til å gjere bindande vedtak. Rådet vil kome med ei uttale som vert lagt fram i arbeidet med ny gudstenesteforordning.

Vedtak om uttale:

Gudstenester vert haldne i Vadheim berre i høgtidene, dvs jule- og nyårshelga, påske, pinse og 17. mai. I tillegg vert dåp, konfirmasjon og gravferder avvikla her dersom familiane ynskjer det.

Løyvingane til bedehusapell vert, som no, vurderte år for år etter motteken søknad.

Endringane skal tidlegast gjelde frå den tid ny gudstenesteordning vert forordna.

Fyrste aktuelle tidspunkt for iverksetting er 30.11.2025, og seinast frå 01.07.2026.

Neste møte: Ein ser torsdag 4.september som ein mogeleg møtedag. Det kan vere aktuelt å bruke heile dagen i samband med at ein tek ei rundreise til kyrkjer og kyrkjegardane HKF har ansvar for. Dette og møtedato må vurderast når tida nærmar seg.

Protokoll ført av:

Stig Jonny Fitje

Kyrkjevevje for Høyanger kyrkjelege fellesråd

Saksutgreiing sak 008/25

Samarbeidsstilling for kyrkjeleg undervisning og læring (trusopplæring)

UTGREIING Bakgrunn for saka er eit tidlegare samarbeid mellom Fellesråda i Askvoll, Fjaler og Hyllestad om ei felles stilling for trusopplæring. Denne vart lyst ut som ei 80% stilling med tilsetting f.o.m. starten på 2025. Dette lukkast dei ikkje med – dei kunne ikkje innfri lønnskrav og fekk ikkje tilsett nokon i stillinga. Kyrkjeverjene i Hyllestad-Askvoll-Fjaler har arbeidd vidare med mogleg stillingssamarbeid om stillinga og kyrkjeverja i Høyanger vart kopla inn med Høyanger kyrkjelege fellesråd som mogleg samarbeidspart. Dette fordi vi då mangla nokon i stillinga og m.o.t. rekruttering er det ønskeleg å lyse ut ei 100% stilling.

Imidlertid kan det sjå ut som at med sjølv med desse fire fellesrådsområde omfatta av samarbeidet er ein i grenseland når det gjeld finansiering av ei slik stilling med berre trusopplæringstilskot. Ein har difor prøvd å utvide stillingssamarbeidet óg til å omfatte bispedømmet eller kristelege organisasjonar. Det vart teke kontakt med bispedømmet og med NMS.

NMS er positive, men har ikkje enno gitt endeleg svar på om og korleis dei kan tenkje seg å støtte eit slik stillingsarbeid.

Bispedømme var og positive. Det vart kalla inn til eit møte – sjå vedlagde referat. Der såg ein for seg at stillinga i tillegg til lokalt trusopplæringsarbeid også skal omfatte oppgåver som avlaster prestetenesta. Dette vert i hovudsak medverknad ved gudstenester, men kan og omfatte ansvar for konfirmantundervisninga, leirarbeid etc.

Bispedømmet vil kunne gå inn i eit samarbeidsprosjekt for ein 3-årsperiode for ei stilling, der ein får eit årleg tilskot på kr 150.000,- til stillinga.

Arbeidsgivarfunksjon og møteplass for tilsett i stillinga:

Ein ser for seg at bustadadresse vil vere styrande for oppmøteplass for den som blir tilsett i stillinga.

Plassering av næraste kyrkjekontor vil bli oppmøteplass og tilhøyrande kyrkjeverje vil vert næraste overordna til den tilsette. Tilsvarande vil fellesrådet her vere den tilsette sin arbeidsgivar – dei andre fellesråda vil då vere å sjå på som kjøparar av tenesta.

Det vil i samarbeid med den tilsette utarbeidast ein arbeidsplan som sikrar at kvart enkelt fellesråd får ut sin del av stillinga. Samarbeidsprosjekt vil då kunne gi positive synergjar. I eit slikt samarbeid ser ein for seg at Alværa misjonssenter kan vere ein sentral møteplass.

Økonomiske vurderingar

Tilskotssum til trusopplæring til Høyanger kyrkjelege fellesråd er for 2025 på kr. 408 643. Merk her at tilskotsordninga er under revidering, og her kan komme endringar frå 2028. Med om lag kr 400.000,- i årleg tilskot vil Høyanger aleine kunne finansiere opp mot 35% stillingsdel. Ein må då nytte heile tilskotet dersom den som vert tilsett skal lønnast i høgste lønnsgruppe.

Om ein legg inn prosjektf finansieringa vert Høyanger sin del redusert til noko over 340.000,- og det står att i underkant av kr 60.000,- til aktivitet/materiell (utanom det som er eigenfinansiert).

Ein tek sikte på positiv tilslutnad frå alle dei involverte samarbeidspartar i løpet av juni månad, og at utlysing kan skje i august. For i det heile tatt få på plass ei stilling, bør ein kunne forplikte seg til eit 3-årig prosjekt. Ein tek sikte på tilsetting frå 01.01.2026.

INNSTILLING

1. , Høyanger fellesråd forpliktar seg på ei 3-årig samarbeidsstilling for kyrkjeleg undervisning og læring saman med fellesråda Hyllestad, Fjaler og Askvoll.
2. Høyanger kyrkjelege fellesråd forpliktar seg på ein finansieringsdel på inntil 35% av prosjektkostnaden etter frådrag av bispedømmet sitt tilskot på kr 150.000,- årleg.
3. Høyanger kyrkjelege fellesråd kan ta på seg rolla som vertsfellesråd i samarbeidsområdet, om dette vert aktuelt.
4. Kyrkjeverja har fullmakt til å ta avgjerder på sokneråda sine vegner når det gjeld endeleg utforming av prosjektplan, stillingsbeskrivelse og utlysingstekst.
5. Tilsetting skjer etter gjeldande reglement i vedkommande fellesråd som vert vertsfellesråd for samarbeidsområdet.